

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 16.6.20

Stad: Fjordsenteret

Sak 28/20. Forvaltingsplan for Aurland statsallmenning 2020-23

Saksopplysning/vurdering:

Det ligg no føre eit oppdatert utkast til forvaltingsplan for 2020-23. Fjellstyret hadde føre del 1 av utkastet til forvaltingsplan i møte den 21. april. Her vart det gjort følgjande vedtak.

Fjellstyret har ikkje merknader til del 1 i utkastet til forvaltingsplan. Når det gjeld siste delen av planen, har fjellstyret følgjande innspel:

- *Generelt må det satsast på tiltak for å styrka rekrutteringa av ungdom til jakt og fiske*
- *Vurdera eit rimeleg ungdomskort for garnfiske, gjerne med eit garn på kjøpet*
- *Vurdera å opna for utanbygds garnfiske i fleire vatn der det trengst hardare beskatning*

No er dei siste kapitla i planen som skal drøftast, i tillegg til at fjellstyret må bestemma kva som skal skje vidare med planutkastet. I utkastet som ligg ved er dei punkta som ligg i vedtaket frå møtet den 21. april innarbeidde. Eg har gått gjennom tidlegare vedteken plan og lagt inn ein del endringar. Dette er stort sett endringar som har kome som følge av fjellstyrevetdak i perioden, eller av ytre omstende som fjellstyret ikkje har kunna påverka. Desse tekstendringane er farga med blått i den digitale versjonen, for at det skal gå fram kva som er føreslege endra.

Ein god saksgang vidare vil vera å leggja planutkastet ut til høyring etter fjellstyret si handsaming. Sidan det neppe er aktuelt med noko fjellstyremøte før utpå hausten, kan fristen for å koma med innspel setjast så seint som t.d. 1. oktober. Då held ein seg til tidsskjemaet som fjellstyret tidlegare har skissert for planarbeidet, m.a. i omtale i marsnummeret av Aurlendingen.

Framlegg til vedtak:

Utkastet til forvaltingsplan for Aurland statsallmenning vert godkjent slik det ligg føre, med følgjande endringar/tillegg:

Planutkastet vert lagt ut til høyring på fjellstyret si heimeside, med høyringsfrist 1. oktober.

Fjellstyrekontoret, den 10.6.20

Harald Skjerdal